



Arkivnr: 2014/11370-10
Saksbehandlar: Brit Mari Heggøy

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet		18.02.2015
Fylkestinget		10.03.2015

Eigarskapsforvaltning - styrerepresentasjon og kompetanse. Retningslinjer

Samandrag

Fylkestinget gjorde slikt vedtak i sak 17/13 pkt.5 i møte 12.03.2013:

5. "Å utarbeide rutinar, saman med valnemnda, for val av styrerepresentantar, der det mellom anna kan gå fram kven som kan veljast og kva kvalifikasjonar som skal vektleggast (jf. punkt 4 i fylkestingvedtak 02/08)."

Som oppfølging av pkt. 5 i vedtaket i mars 2013 gjorde valnemnda slikt vedtak i mars 2014:

"Det settes ned et arbeidsutvalg bestående av gruppelederne – som skal utarbeide regelverk for rekruttering av styremedlemmer og utøvelse av styreverv. Forslag til regelverk legges fram til behandling i fylkestinget i desember 2014.

Leiar: Mona H. Hellesnes"

Arbeidsutvalet har utarbeidd eit notat om dette og notatet med retningslinjer og utvalet si innstilling vert lagt fram.

Forslag til innstilling

Fylkestinget vedtek Eigarskapsforvaltning – Styrerepresentasjon og kompetanse med retningslinjer slik det ligg føre i innstillinga frå arbeidsutvalet.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen
fylkesdirektør organisasjon

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg

1 Val til selskapsstyre - gruppeleiarane sitt ansvar



**HORDALAND
FYLKESKOMMUNE**

**Eigarskapsforvaltning -styrerepresentasjon
og kompetanse**

Regelverk utarbeidd av politisk arbeidsutval 2015

Innhald

Innstilling

1. Bakgrunn for saka
2. Tal representantar i selskapsstyre
3. Styrerepresentantar – folkevalde eller eksterne kandidatar
4. Kompetansekrav til styrerepresentantane
5. Korleis sikra kompetanse i styra
6. Habilitetsvurderingar
7. Krav og forventningar til styrerepresentantar
8. Eigarskapsorgan og rapportering

Innstilling

1. I selskap der fylkeskommunen har aksjemajoriteten skal styret som hovudregel ha 5 medlemmer.
Frå valperioden 2015 – 2019 skal styret i Hardangerbrua AS ha 3 medlemmer.
2. Fylkesutvalet har funksjonen som eigarorgan for fylkeskommunen sitt eigarskap i aksjeselskap.
3. Fylkestinget ønskjer at folkevalde framleis skal kunna veljast til styreverv i selskap, men det skal i større grad vurderast å gjera framlegg om eksterne kandidatar.
4. Fylkesrådmannen må leggja til rette for at det vert gitt relevant opplæring til styremedlemer valde av fylkeskommunen og styremedlemene i selskap der fylkeskommunen har aksjemajoritet.
5. Fylkestinget vedtek *Retningslinjer for val av styrerepresentantar* og *Retningslinjer for utøving av vervet som styrerepresentant* slik dei kjem fram i saka.
6. Retningslinjene vert rullerte i 2. halvdel av valperioden.

1. Bakgrunn for saka

Fylkestinget gjorde slikt vedtak i sak 17/13 i møte 12.03.2013:

Fylkestinget ber fylkesrådmannen syte for sakshandsaming som munnar ut i:

1. Å avklare i kva grad og korleis fylkestingvedtak 02/2008 og KS sine tilrådingar skal leggjast til grunn for eigarskapsforvaltninga. Fylkeskommunen sine rutinar for eigarskapsforvaltninga kan med fordel inkluderas i eigarskapsmeldinga til fylkeskommunen.
2. Å konkretisere fylkeskommunen sine eigarmål og selskapsstrategiar i eigarskapsmeldinga slik at dei i større grad inneheld tydelege forventningar og styringssignal.
3. At det går fram av eigarskapsmeldinga kva selskap som høyrer til dei åtte ulike eigarområda.
4. Å klargjere kva ansvar og oppgåver knytt til eigarskapsforvaltning som ligg til dei einssilde fylkeskommunale avdelingane og til rolla som kontaktperson.
5. Å utarbeide rutinar, saman med valnemnda, for val av styrerepresentantar, der det mellom anna kan gå fram kven som kan veljast og kva kvalifikasjonar som skal vektleggast (jf. punkt 4 i fylkestingvedtak 02/08).
6. Å sikre at punkt 5 i fylkestingvedtak 02/08 om å utarbeide rutinar og retningsliner for utøving av styreverva blir følgt opp. Slike rutinar kan omfattast av eigarskapsmeldinga og kan t.d. omhandle

registrering av styreverv, vurdering av habilitet og liknande.

7. Å lage ein handlingsplan innan 01.05.2013 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgje opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksetjinga.
8. Spørsmålet om ugildskap blir tidvis aktualisert både i fylkestinget og i utval og komitéar. Praksis på dette området synest å variere. Fylkestinget ber fylkesrådmannen i samarbeid med kontrollutvalet om eit notat som kan gi politikarane i Hordaland fylkeskommune naudsynt rettleiing med omsyn til praktisering av ugildskap.

I juni 2013 behandla fylkestinget Eigarskapsmelding 2013. Det vart då m.a. gjort slikt vedtak:

1. Fylkestinget viser til den framlagde eigarskapsmeldinga og sluttar seg til prinsippet om differensiert eigarstrategi.
2. Fylkestinget viser til vedtak i fylkestingssak 17/2013 Selskapskontroll – eigarskapsforvaltning i Hordaland fylkeskommune. Fylkestinget er samd i at vedtakspunkta 5, 6 og 8 vert å kome attende til i to eigne saker. Punkta 5 og 6 vert å fremje i ei sams sak og punkt 8 i ei eiga sak.

Som oppfølging av pkt. 5 i vedtaket i mars 2013 gjorde valnemnda slikt vedtak i mars 2014:

Det settes ned et arbeidsutvalg bestående av gruppelederne – som skal utarbeide regelverk for rekruttering av styremedlemmer og utøvelse av styreverv. Forslag til regelverk legges fram til behandling i fylkestinget i desember 2014.

Leiar: Mona H. Hellesnes

2. Tal representantar i selskapsstyre

I brev frå Statens vegvesen 27.01.2014 vert det meldt om at vegdirektoratet har stilt spørsmål ved om talet styremedlemer i Hardangerbrua AS står i høve til selskapet sine oppgåver.

Styret i Hardangerbrua AS har 7 medlemer. For selskap der fylkeskommunen har alle eller majoriteten av aksjane er hovudregelen fem medlemer. Sunnhordland Bru- og Tunnelselskap AS og Osterøy Bruselskap AS hadde også 7 medlemer i styret. Desse selskapa er no avvikla/under avvikling.

Styrehonorara for Hardangerbrua AS er lågare enn snittet i Hordaland. Ein reduksjon frå 7 til 5 styremedlemer – der fylkeskommunen utnemner 3 – vil gje minimale innsparingar. Vinsten ligg heller i verdien av tida som vert frigjort for dei som sluttar i styret. Det er også mogleg å erstatta styret med eit «profesjonelt styre», endra aksjefordelinga eller venta med å gjera noko i påvente av nærmare avklaringar om etablering av eit regionalt bompengeselskap i Hordaland.

Vurdering

Arbeidsutvalet vurderer det slik at det ikkje er behov for å setja i gang endringar no, under føresetnad av at eit regionalt bompengeselskap vert etablert innan rimeleg tid. Skulle eit felles bompengeselskap ikkje vera etablert innan ny valperiode tek til hausten 2015, vert det vald eit styre med 3 medlemer for Hardangerbrua AS.

På generelt grunnlag vil arbeidsutvalet rå til at fylkeskommunale selskap og selskap der fylkeskommunen har aksjemajoriteten, som den store hovudregelen skal ha 5 styremedlemer. Dersom det skulle liggja føre særlege høve som gjer at det er behov for eit større styr, kan det vurderast konkret i det aktuelle tilfellet. For enkelte område kan det vera føremålstenleg å ha eit mindre styre med 3 medlemer. Dette bør vurderast på grunnlag av selskapet sine oppgåver.

3. Styrerepresentantar – folkevalde eller eksterne kandidatar

I samband med konstituering etter fylkestingsval vert det i Hordaland fylkeskommune oppnemnd ei valnemnd som gir innstilling til fylkestinget i saker om val der avgjerd er lagt til fylkestinget. Oppnemning av styrerepresentantar skjer i påfølgjande fylkesting, til vanleg som avtaleval etter kommunelova § 38a.

I eigarskapsmeldinga for 2013 side 44 er det sagt at fylkeskommunen ikkje har utarbeidd formelle kriterie for val av styrerepresentantar, men at moment som partipolitisk tilknytning, geografisk tilhøyrse og kjønn er dei sentrale, reelle kriteria for valnemnda sitt arbeid med innstilling til fylkestinget.

I nokre aksjeselskap som er 100 % eigde av fylkeskommunen, er styremedlemene tilsette i fylkesadministrasjonen (bussanleggselskap, Strandgaten 195, Bystasjonen, Valen kraftverk). Selskapa har ingen tilsette.

I Eigarskapsmelding 2013 er det berre Valen kraftverk AS som er oppført med finansielt føremål. For alle dei andre selskapa er fylkeskommunen sitt føremål med eigarskapa av samfunnsmessig karakter.

Eksempel frå andre

Akershus fylkeskommune

Det er opplyst frå Akershus at dei har få politikarar i styra.

Aktive politikarar – berre i to selskap (AS Vaterland Bussterminal og AS Fjellinjen)

Tidlegare politikarar – nokre få har styreverv men ikkje nødvendigvis i kraft av sin politiske bakgrunn

Tilsette – i Kjeller Innovasjon AS og Oslo Teknopol IKS

Fylkesutvalet har rollen som eigarorgan for selskap og samarbeid. Utvalet behandlar i forkant generalforsamlings-/representantskapsaker og utpeikar kven som skal møta. Ved knappe tidsfristar har fylkesordføraren fullmakt til å ivareta rollen. Medlemer i organet som utøver eigarrollen i selskapet kan ikkje også vera representantar i styret for selskapet. Driftsselskap som behandlar saker som ikkje er underlagt politisk skjønn vert lagt til fylkesrådmannen.

Møre og Romsdal fylkeskommune

Fylkeskommunen opplyser at dei har eigarposisjon i 53 verksemder og er representert i ca 30 av dei. Dei fordeler seg slik:

Aktive politikarar – i 10 styre (nokre av desse er del av den politiske «kabalen» ved konstituering, særleg kulturinstitusjonar, vegprosjekt, attføringsbedrifter)

Tidlegare politikarar – i eitt styre

Tilsette – i 18 styre (økonomisk/juridisk og leiarkompetanse er etterspurd)

Utanfrå – når det er knytt til ønska fagkompetanse

Sør-Trøndelag fylkeskommune

På heimesida går det fram at fylkeskommunen har eit eigarskapsutval med tre medlemer (to politikarar + fylkesrådmannen). Utvalet legg fram årleg melding til fylkestinget om utvalet sitt arbeid og gjennomgang av eigarengasjementet i dei ulike selskap. I eigarskapsutvalet si melding for 2014 er det under avsnittet eigarstyring opplyst at det er innarbeidd system for rapportering frå representantar som deltek i generalforsamlingar og representantskapsmøte. Rapportskjema og protokollar frå møta vert lagt fram for fylkesutvalet. Aktuelle saker til generalforsamlingar og representantskapsmøte vert ikkje lagt fram for drøfting i fylkesutvalet i forkant av møta.

M.a. gjennom løpande oppfølging av deltaking i generalforsamlingar og representantskapsmøte har eigarskapsutvalet fokus på at det skal vera politisk representasjon i eigarorgana. I nokre selskap har

styremedlemer styreverv, og det vert sytt for at dei personane det gjeld, ikkje deltek som fylkeskommunen sin representant. Både gjennom temadagane utvalet har arrangert og kontinuerleg fokus er det lagt vekt på tydelege skilje mellom det å opptre som eigar og det å vera selskapet sin representant.

Bergen kommune

Bergen bystyre har 19.09.2011 i sak 169/11 vedteke m.a.

3. Bystyrerepresentanter, byråder og politiske sekretærer kan ikke velges inn på vegne av kommunen i bedriftsforsamlinger eller i styrene til aksjeselskaper der kommunen har eierinteresser, og dette uavhengig av kommunens eierandel. Dette skal også gjelde byråkrater som innenfor sitt saksområde har regulerende eller kontrollerende myndighet overfor selskapet, eller har til behandling saker av vesentlig betydning for selskapet. Dette for å unngå habilitets- og interessekonflikter.

4. Aktive bystyremedlemmer kan fortsatt velges inn i styrene i de kommunale foretakene og arbeidsmarkedsbedriftene. Forretningsutvalget foreslår styrekandidater til de kommunale foretakene og arbeidsmarkedsbedriftene.

Vurdering

Arbeidsutvalet har drøfta positive og negative sider ved å ha folkevalde i styreverv.

På minussida kan det trekkjast fram at det kan oppstå habilitetsproblem. Dette momentet vil verta sterkt svekka når det vert innført felles bompengeselskap. Det er også ei utfordring å setja saman gode styre slik valordninga og valnemndene fungerer i dag.

Som positive element kan det peikast på at det må vera folkevald påverknad og styring med fylkeskommunal eigedom. Politisk erfaring vert sett på som verdifull kompetanse. Det kan også trekkjast fram erfaring med at spesielt styre med både folkevald og ekstern representasjon fungerer godt.

Det er arbeidsutvalet si vurdering at det framleis er ønskjeleg å ha folkevalde som medlemer i selskapsstyre. Men det bør også verta spelt inn forslag på eksterne kandidatar til valnemndene i selskap der fylkeskommunen ikkje er eineeigar. Til styra i selskap med 100 % fylkeskommunalt eigarskap bør valnemnda også innstilla eksterne kandidatar.

4. Kompetansekrav til styrerepresentantane

Nesten alle selskapa der fylkeskommunen er deltakar, har eit samfunnsmessig føremål. Det skulle, isolert sett, tilsei at den samfunnsinnsikta som folkevalde innehar, burde vera ein ønska kompetanse. Aktive politikarar har også ein «sivil» fagkompetanse. Dette kan vera kompetanse som er etterspurd i selskapet. I følgje KS bør styret ha ein samla kompetanse med desse elementa:

- Kunnskap om aksjelova, IKS-lova, kommunelova, andre relevante lover, forskrifter og avtalar som har noko å seia for drifta av selskapet.
- Kunnskap om selskapet sitt formål, vedtekter, organisasjon og historie
- Kompetanse om private og kommunale rekneskapsprinsipp, evne til å lesa økonomiske utviklingstrekk og foreta nødvendige grep når det trengst
- Kompetanse på offentleg forvaltning og dei politiske og samfunnsmessige utfordringane til ei kvar tid
- Spesialistkompetanse og erfaring på eit eller fleire område som t. d. juss, økonomi, marknadsføring, forvaltning, kommunalkunnskap, teknikk, HMS, leining, organisasjon, etikk, relevant fag
- Ha kunnskap om trendar og utviklingstrekk innanfor bransjen
- Ha kunnskap om konkurrerande verksemder

I tillegg peikar KS på ei rekkje eigenskapar som styremedlemene bør ha:

- Glede av, og vilje til å jobbe for, å oppnå gode resultat
- Ha glede av å få tilført kontinuerlig kompetanse
- Ha mot til å stilla kritiske spørsmål til dagleg leiar og andre i styret
- Ha evne til å finna fram til løysingar som styret samla kan gå for
- Ha evne til å stilla spørsmål utan å ha svaret
- Ha evne og vilje til å prioritere tid til arbeidet i styret.
- Høg integritet, under dette evna til å teia om forretningsmessige transaksjonar og strategiske avgjerder
- Ha evne til å akseptera at ein ikkje alltid høyrer til fleirtalet og dersom noko går gale, fråfalla behovet for å påpeika "Kva var det eg sa"
- Ha evne til å gi selskapet eit godt omdøme
- Ha evne til å skaffa seg spesiell kompetanse om selskapet
- Akseptera at styreleiar er styret sin talsmann utad

Det kan tenkjast fleire kategoriar representantar:

- Politikerar – aktive eller passive eller blanding. Dei treng ikkje nødvendigvis ha verv på same saksfeltet i fylkeskommunen.
- Personar utanfrå – verken politikarar eller tilsette i fylkeskommunen, valde ut frå ønskt kompetanse.
- Tilsette

Ei blanding kan vera konstruktivt for arbeidet i styret og gi samla brei kompetanse. Men det bør ikkje sitja både politikarar og tilsette i same styre.

Vurdering

Som styremedlem har ein eit personleg erstatningsansvar overfor selskapet og eigarane. Ein kan også bli pålagt eit straffansvar ved grov uforstand i tenesta som styremedlem. For å unngå å koma i slike situasjonar bør det vera eit mål at styremedlemer sit inne med nødvendig kompetanse til å utøva vervet på ein god måte.

Arbeidsutvalet rår til at det vert stilt krav om ein samla kompetanse i styret i tråd med KS sine moment, jfr. over. Korleis ein skal kunne få til dette vert omhandla under.

5. Korleis sikra kompetanse i styra

P.t. er det få fylkeskommunale selskap som har eksterne styremedlemer. Det kan vera føremålstenleg å ta ei vurdering av om fleire eller færre selskapsstyre skal ha eksterne medlemer. Ei slik vurdering bør gjerast i god tid før fylkestingsvalet slik at valnemnda er kjend med dei føringane som ligg.

I sak 73/09 gjorde fylkesutvalet 12.03.2009 slikt samrøystes vedtak:

Fylkesutvalet ber om at fylkeskommunale utsendingar på generalforsamling i selskap der fylkeskommunen er aksjonær, reiser forslag om å oppretta valnemnd til å førebu val til selskapsorgan.

Ein stor del av selskapa har oppretta valnemnd, men det er uklart i kva grad det er lagt til rette for at valnemnda har moglegheit til å setja saman eit styre med samla ønskt kompetanse og kjønnsfordeling. Det er ikkje klart kva mandat valnemndene har fått og kor «fritt» dei står i arbeidet. Ofte vil det vera slik at eigarane føreslår dei kandidatane dei vil ha inn utan alternative forslag. Fylkeskommunen er representert i fleire av dei selskapsoppnemnde valnemndene.

Ønska kompetanse kan også sikrast ved opplæring for dei som alt er valde inn i selskapsstyre. Opplæringa bør vera obligatorisk og omfatta både fagkunnskap og kunnskap om utøving av styreverv.

Vurdering

Arbeidsutvalet ser at arbeidet i valnemndene i selskapa og samarbeidet med den fylkeskommunale valnemnda er ei utfordring slik dei fungerer i dag. Som nemnd over har fylkeskommunen si eiga valnemnd som legg fram innstilling til fylkestinget om kandidatar til selskapsstyra. For å sikra brei kompetanse i styret kan fylkeskommunen som hovudregel melda inn fleire kandidatar slik at den selskapsoppnemnde valnemnda kan setja saman eit styre som samla har den kompetansen som trengst og der kjønnsbalansen er sikra.

For å få dette til må det gjerast ei form for kartlegging av aktuelle kandidatar. Særleg gruppeleiarane vil her få ei oppgåve. Partia kan gjera ein jobb på førehand med å etterlysa interesse for verv og skaffa oversikt over formell kompetanse og realkompetanse.

Vidare må det gjerast ei vurdering av om det skal hentast inn eksterne kandidatar for å sikra ein særleg kompetanse.

Fylkesadministrasjonen må leggja til rette for at det vert gitt relevant opplæring til alle styremedlemene valde av fylkeskommunen og styremedlemene i selskap med fylkeskommunal aksjemajoritet.

6. Habilitetsvurderingar

Det som særleg verkar kompliserande ved val av politikarar til selskapsstyre, er habilitets- og interessekonfliktar. Etter at habilitetsreglane i forvaltningslova vart endra med verknad frå 1. november 2011, vil habilitetskonfliktar koma opp langt oftare enn før. Det er no ikkje lenger unntak frå inhabilitet for styremedlemer at selskapet er fullt ut offentleg eigd.

KS er kritisk til bruken av leiande politikarar i selskapsstyra. Ein bør unngå at dei jamleg blir vurderte i forhold til habilitetsreglane. Sjølv om ein ikkje er inhabil formelt sett, kan ei gjentakande vurdering utad skapa uvisse om kor lojaliteten ligg. Når mange av medlemene og dels varamedlemene i fylkestinget er styremedlemer i selskap, kan det gi utfordringar med omsyn til å ha eit representativt organ.

Om ein ønskjer å ha politikarar i styra, blir spørsmålet om dei også kan vera medlemer i fylkestinget/fylkesutvalet/utvala. For enkelte selskap vil det vera slik at saker der selskapet har partstatus kjem til behandling i fylkeskommunale organ med jamne mellomrom. Då kan det vera uheldig at fleire av dei faste medlemene i fylkestinget/underliggjande organ må tre frå og varamedlemer kallast inn.

Det kan vera ei løysing å differensiera mellom selskapa slik at politisk representasjon vert avgrensa til selskap som sjeldan er part i forvaltningssak. Bergen kommune t.d. har avgrensa styrerepresentasjon ved aktive politikarar til arbeidsmarknadsbedriftene.

Vurdering

Arbeidsutvalet viser til at dei fleste situasjonane med inhabilitet på grunn av styreverv skjer i høve til bompengeselskap. Arbeidsutvalet viser til at det går føre seg eit arbeid med etablering av regionale bompengeselskap, og vil difor i denne omgang ikkje gå inn for ei sperre mot at medlemer i sentrale fylkeskommunale organ kan veljast til styre i bompengeselskap.

Etter arbeidsutvalet si vurdering må den fylkeskommunale valnemnda gjera ei vurdering av om dei aktuelle kandidatane til styreverv vil koma i habilitets- og interessekonfliktar. Særleg er dette nødvendig for selskap som jamleg vil ha partstatus overfor fylkeskommunale organ.

7. Krav og forventningar til styrerepresentantar

Det vert lagt til grunn at styremedlemer, når dei vert valde, har tilstrekkeleg kvalifikasjonar til å fylla vervet. Det vil normalt ikkje gi ansvarsfritak om styremedlemer viser til at ein har manglande innsikt i forretningsdrifta. Kva kvalifikasjonar ein bør ha på førehand er omhandla under pkt. 4 over.

Sjølv om det er sett krav til kompetanse, må ein rekna med at kunnskapsnivået er varierende. Det kan vera behov for opplæring både fagleg og i det å utøva styreverv. Opplæring som fylkeskommunen tilbyr bør vera obligatorisk å delta i for dei som fylkeskommunen har vald som styremedlemer.

Den som vert vald som styremedlem, og tek i mot vervet, har som hovudregel rett og plikt til å delta i alle styremøte og i behandling av alle typar saker. Det inneber at vedkomande må ha tid til å utføra vervet. Dei som tek på seg styreverv etter oppnemning av fylkeskommunen, skal møta på alle styremøte i selskapet, med unntak for gyldig forfall. Dei må vera førebudde til møtet og på sjølvstendig initiativ ta opp saker og stilla spørsmål.

Oktober 2007 vedtok fylkestinget at fylkeskommunen skulle knyta seg til Styrevervregisteret med verknad frå 17.10.07. Fylkestinget vedtok også reglement for kven som er omfatta av registeret, kva som skal registrerast og føring og vedlikehald av registeret. Det er frivillig for den enkelte folkevalde/tilsette om han/ho vil registrera verv og interesser i selskap og organisasjonar m.v.

Obligatorisk registrering vil i større grad sikra borgarane sin kontroll med den enkelte sitt styreverv, og også ha omdømmemessige verknader. Det vil vera mogeleg å opna for unntak i enkelttilfelle dersom «viktige grunnar» skulle tilsei dette.

For at selskapa skal nå sine mål er det avgjerande at styra fungerer godt. Det bør difor finnast mekanismar for å kunna byta ut styremedlemer dersom ein eller fleire av desse ikkje fungerer, eller fordi han eller ho ikkje har høve til å følgja opp vervet. Fylkeskommunen kan ei dei tilfelle der den er eine- eller majoritetsleiar avsetja styrerepresentantar som ikkje fungerer tilfredsstillande. Det må vera den politiske leiinga sitt ansvar å behandla eventuelle tilbakemeldingar om at styrerepresentantar ikkje fungerer, og foreslå for politiske organ å skifta ut vedkomande om det skulle vera nødvendig.

I rapporten frå selskapskontrollen januar 2013 har Deloitte peika på at det er lite kommunikasjon mellom kontaktpersonen for et selskap i administrasjonen og styrerepresentanten. I utgangspunktet skal den enkelte styrerepresentanten, etter å ha blitt vald, vera selskapet og ikkje fylkeskommunen sin tillitsvalde. Ein viss kontakt, slik at fylkeskommunen si politiske leiing og administrasjon er informert, kan likevel vera ønskjeleg. Fylkeskommunen sin kontaktperson i administrasjonen vil også vera kontaktperson dersom den enkelte styrerepresentanten har spørsmål, ønskjer å diskutera konkrete problemstillingar eller vil be om støtte frå det administrative apparatet.

Vurdering

Det er arbeidsutvalet si vurdering at registrering styrevervregisteret skal vera obligatorisk.

For å betra kontakten mellom styrerepresentanten og fylkeskommunen vil arbeidsutvalet foreslå ei ordning med årleg kontaktmøte mellom kontaktpersonen i fylkesadministrasjonen og styrerepresentanten. Dette møtet, som styrerepresentanten må ta initiativ til, bør haldast på nyåret i god tid før generalforsamlinga.

8. Eigarskapsorgan og rapportering

På selskapsnivå

Generalforsamlinga er øvste organet i selskapet og det er der eigarane utøver eigarstyring. KS si tilråding er at politisk leiing er eigarrepresentant, og at det er ein føreseieleg og klar kommunikasjon mellom eigarorganet og fylkestinget i forkant av generalforsamlinga. Dette bør forankrast i eigarskapsmeldinga. Det kan vera meir effektivt å la fylkesutvalet ha rolla som eigarorgan, og som eigarorgan behandlar eventuelle saker som skal opp på generalforsamlinga.

Fylkeskommunen stiller med representant for eigar i generalforsamlingar i selskapa. Fylkeskommunen vert i slike tilfelle representert ved fylkesordføraren, fylkesvaraordføraren eller ein representant som er gitt fullmakt av fylkesordføraren til å stilla, jfr. delegasjonsreglementet, reglement for fylkesutvalet pkt. 2.1.6. Fylkesordføraren sin funksjon i generalforsamlinga er som eigar, som legitimt fremjar fylkeskommunen sine interesser.

Eigarmøte ut over generalforsamlingar er ikkje regulert i aksjelova. I tillegg til generalforsamling kan det arrangerast andre eigarmøte for å drøfta ei sak utan at det vert gjort formelle vedtak. Det er opp til eigarane sjølv å vurdera behovet og prosedyre for slike eigarmøte.

På eigarnivå

Fylkeskommunen som eigar kan føra kontroll med eigarinteressene gjennom selskapskontrollar der det er opna for dette i kommunelova. Kontrollutvalet skal minst ein gong i valperioden utarbeida plan for gjennomføring av selskapskontroll som skal vedtakast av fylkestinget. KS rår til at planen seier noko om kva eigarinteresser og selskap som vil kunna vera aktuelle for kontroll, i kva grad det er aktuelt å gjennomføra forvaltningsrevisjon.

Gjennom eigarskapsmeldinga får fylkestinget høve til å diskutera styringsgrunnlag og selskapsstrategi for dei enkelte selskapa og gi meir overordna styringssignal til selskapsstyra.

Det er ikkje lagt opp til noko formalisert rapportering frå styremedlemer til fylkeskommunen. I administrasjonen er det peika ut kontaktpersonar for dei ulike selskapa. Dette er personar som kjenner selskapa gjennom kontakt med dei eller gjennom saksbehandling.

Vurdering

Arbeidsutvalet foreslår at fylkesutvalet får delegert funksjonen som eigarorgan for fylkeskommunen sitt eigarskap i aksjeselskap. Fylkesutvalet behandlar i forkant av generalforsamlings-/representantskapsaker som er av prinsipiell karakter for fylkeskommunen og som krev utøving av politisk skjønn. Denne fullmakta vert å ta inn i delegasjonsreglementet.

9. Retningslinjer

Under følgjer utkast til retningslinjer for val av styrerepresentantar og for utøving av vervet som styrerepresentant, basert på vurderingane over.

Retningslinjer for val av styrerepresentantar

Alle partia i fylkestinget bør vera representerte i valnemnda.

1. Valnemnda sitt arbeid

a) Følgjande skal ligge til grunn for valnemnda sitt arbeid:

- Eigarskapsmeldinga sin omtale av det enkelte selskapet
- Valnemnda si vurdering om eventuelt fleire eksterne kandidatar
- Gruppeleiarane sine forslag på kandidatar

b) Den enkelte kandidaten som vert innstilt skal vera spurd på førehand, og skal ha stadfesta si interesse og ha opplyst om eigne kvalifikasjonar og kapasitet for vervet.

c) Det kan hentast inn informasjon om, og innstillast på, kandidatar som ikkje er foreslått av andre.

- d) Det skal innstillast fleire kandidatar som selskapsvalnemndene kan velja mellom.
- e) Fylkesordførar og fylkesvaraordførar bør som hovudregel ikkje ha styreverv i selskap.
- f) Medlemer i fylkesutvalet bør som hovudregel ikkje ha styreverv i selskap der fylkeskommunen er majoritetseigar.

2. Grunnleggjande krav til styremedlemer

I selskap der minst to tredeler av aksjane er offentleg eigd skal fylkeskommunen sikra kjønnsbalanse på 40 % i tråd med reglane i aksjelova § 20-6. Fylkeskommunen vil sikre god kjønnsbalanse i styra ved alle oppnemningar, for slik å sikre tilfredsstillande utnytting av ressursane ein har til rådvelde.

3. Krav til kompetanse, kapasitet og habilitet

- a) For oppnemning til styreverv er det krav om:
- Kunnskap om næringa og bransjen selskapet driv i
 - Grunnleggjande kunnskapar om rekneskap og rekneskapsforståing
 - Relevant ekspertise innan eit eller fleire område som er viktig for selskapet, enten formell ekspertise/utdanning eller praktisk erfaring med styrearbeid, den aktuelle bransjen eller det aktuelle selskapet.
- b) Ved oppnemning av heile styret skal det i tillegg leggjast vekt på at ein set saman eit kollegium som har:
- Kunnskap eller erfaring om relevant lovgiving, rekneskap og/eller styrearbeid (generalistkompetanse).
 - Kunnskap om selskapet, eller meir inngåande kunnskapar om næringa og/eller bransjen (spesialistkompetanse).
 - Fagkompetanse og kompetanse innan etikk.
- c) Ved oppnemning til styreverv skal det takast omsyn til om det er sannsynleg at vedkomande vil koma i habilitetskonfliktar. Dersom dette er tilfellet, skal vedkomande ikkje oppnemnast.

Retningslinjer for utøving av vervet som styrerepresentant

1. Krav til kompetanseheving for styremedlemer

- a) Nyvalde styremedlemer skal gjennomgå obligatorisk opplæring i løpet av dei seks første månedane vedkomande sit som styrerepresentant.
- b) Personar som sit meir enn to år som styrerepresentant, skal delta på oppfølging i løpet av det tredje året.
- c) Den obligatoriske opplæringa skal innehalda:
- Grunnleggjande opplæring i rettar og plikter som styremedlem, og aksjelova sine regler
 - Grunnleggjande opplæring i rekneskapsforståing
- d) Det vert forventa at den enkelte styremedlemer skaffar seg kunnskap om selskapet i starten av valperioden, inkludert vedtekter, rekneskap og andre relevante dokument.

2. Krav til oppmøte, deltaking og førebuing

- a) Det vert forventa at ein styremedlem som er oppnemnd av Hordaland fylkeskommune møter på alle styremøte i selskapet, med unntak for gyldig fråvær.

b) Det vert forventa at ein styremedlem er godt nok førebudd til kvart styremøte til å kunna gi informerte og verdfulle bidrag til styret si behandling av saker.

c)) Det vert forventa at ein styremedlem som er oppnemnt av Hordaland fylkeskommune tar sjølvstendig initiativ til å ta opp saker og stilla spørsmål, i tråd med systemet i aksjelova.

3. Formelle forhold som gjeld utøving av styrevervet

a) Alle som vert oppnemnd som styremedlemer på vegner av Hordaland fylkeskommune skal registrerast i det offentlege styrevervsregisteret og pliktar å følgja opp dette.

b) Styrerepresentanten vert oppmoda om å halda fylkeskommunen sin kontaktperson for selskapet oppdatert på aktiviteten i selskapet, under føresetnad av at dette ikkje er i strid med andre regler.

c) Styrerepresentanten skal kontakte fylkeskommunen sin kontaktperson for selskapet dersom det er behov for rådgiving eller bistand frå fylkeskommunen. Kontaktpersonen vil då vurdere førespurnaden og eventuelt vidareformidla denne til rett person.

d) For å betra kontakten mellom styrerepresentanten og fylkeskommunen skal styrerepresentanten ein gong i året, helst på nyåret i god tid før generalforsamlinga, ta initiativ til eit møte mellom kontaktpersonen i fylkesadministrasjonen og styrerepresentanten.

e) Fylkeskommunen syt for å teikna v styreforsikring for de oppnemnde representantane.

4. Konsekvensar av at retningslinjene ikkje vert følgde

Fylkeskommunen kan avsetja styremedlemer i løpet av valperioden, dersom ein finn at styret eller representanten ikkje fungerer på en hensiktsmessig måte.